

Høyanger kommune – rammevilkår for investeringar i landbruket

Høyanger Næringsutvikling AS (HNU) ynskjer å bidra til auka satsing i landbruket, og tilbyr følgjande rammer for tilskott / støtte til investeringar, gjeldande frå 2017.

- 1) A) Tilskot til kjøp av mjølkekvote.
Løpende tilskot til kjøp av mjølkekvote kr 1,50 pr. liter.

B) Tilskott til kjøp av mjølkekvote i samband med investeringar godkjende av Innovasjon Norge, inntil 30% av kostnad.
Øvre grense for tilskot kr. 2,50 pr. liter.

2) **Planleggingskostnad** i samband med bygging av driftsbygning:
Til planlegging av driftsbygningar i landbruket kan det ytast eit planleggingstilskot på 75% av eksterne kostnader, inntil kr. 50.000 i tilskot pr. prosjekt. Tilskotet kan innvilgast etter eigen søknad. Landbruk- og næringssjef handsamar søknaden.

3) **Prosjektleiing/byggjeleiing** i samband med bygging av driftsbygning der Innovasjon Norge deltek i finansieringa. Det vert ytt eit tilskot på 75% av eksterne godkjente kostnader, inntil kr. 50.000 i tilskot pr. prosjekt.

4) **Refusjon av renteandel** på lån til delfinansiering av driftsbygningar, der Innovasjon Norge og deltek. Ordninga trår i kraft når det føreligg ferdigattest samt at banken har bekrefta utbetaling av lånet. Lånet skal som hovudregel ytast som eige lån.

Rente: Det vert dekkja 75% av HNU godkjent rentesats på lån inntil 20% av kostnad basert på byggerekneskap, max 2,0 mill.. HNU vil refundere renter i tråd med nemnde vilkår årleg etterskotsvis etter oppgåve/dokumentasjon frå låntakar.

Nedbetaling: Som hovedregel; 2 år avdragsfritt og deretter nedbetalast over 13 år. Lånet skal innvilgast og ytast av kundens bank.

Godkjenning: Styret i HNU godkjenner dei endelige låne- og rentevilkåra som skal leggast til grunn for refusjonen. Rentefastsettinga skal ta utgangspunkt i rentevilkår på løpende 1. prioritet lån i bank. Rentesatsen vil bli regulert årleg i samsvar med endringa i rentevilkåra på løpende 1. prioritet lån i bank.

HNU tek atterhald om å kunne justere vilkåra.

Høyanger januar 2017